



Norges Vassdrags og energidirektorat
Postboks 5091 Maj.

0301 OSLO

Vår ref.
14/487-3/N-630//KAWV

Dykkar ref.

Dato:
30.06.2014

Melding om vedtak HST- sak 062/14 Nedre Frydlielva Kraftverk - konsesjonssøknad – høyringsuttale frå Kvam herad

Kvam heradsstyre har i sitt møte 17.06.2014 vedteke å komme med følgjande høyringsuttale:

Høyringsuttale frå Kvam herad:

Ein konsesjon vil bli gitt på uavgrensa tid, og dei naturinngrep som vil følgja med ei utbygging vil vera av varig karakter. Det er difor heradsstyret si plikt å gjera ei avveging i eit langsiktig perspektiv av dei samla fordelar og ulemper av utbygginga som det er søkt om.

Kvam heradsstyre har vurdert fordelar og ulemper ved å byggja ut nedre Frydlielvi. Kvam heradsstyre støttar synet om at ei utbygging vil skapa verdiar både nasjonalt og lokalt. Kvam herad finn likevel at desse verdiane ikkje veg opp for den verdien det vil ha for komande slekter at bekker og elvar får renna fritt i Botnen/Fykkesund. Kvam heradsstyre går difor **imot** at det vert gjeve løyve til å byggja ut nedre Frydlielvi.

Helsing

Kari Weltzien Vik

Leiar politisk sekretariat

Telefon: 56553022

Epost: kwvi@kvam.kommune.no

